

Forkursmøte 2020

Referat frå administrativ gruppe- eksamensavvikling – 10. nov. 2020

Deltakarar: Brit Julbø (HVL), Gunhild Raunsgard (HVL), Solveig C. Skorpen (NTNU), Alexander N. Sigurdsson (NTNU), Karlijn Hillekens (OsloMet), Heidi Mæsel Oftedahl (UiA), Arlene Hall (UiT), Pål Risan (sekretariatet)

Diskusjonstema og konklusjonar:

- Ein må planlegge for heimeeksamen også vår 2021. Alle hjelpemiddel er tillatne.
- Eksamensoppgåvene blir utarbeida på ein litt annan måte enn tidlegare slik at det passar til heimeeksamensformatet.
- Dersom det skulle være mogeleg med skuleeksamen skal ein nytte same oppgåvesett og ha alle hjelpemiddel tilgjengeleg.
- Det bør utarbeidast ein prøveeksamen. Dette er både for at elevane skal få øve seg på ein annan type eksamensoppgåve enn normalt, men også for at dei skal kunne øve seg på den tekniske innleveringa i eksamenssystema. (T.d. skanning, ta bilete av papir, slå saman filer og laste opp fil.)
- På heimeeksamen blir det lagt til 30 minutt ekstra tid som kan nyttast til innlevering av oppgåva.
- Eksamensoppgåvesetta må lagast i eit format som høver for alle eksamenssystema (WISEflow, Inspira og NKI sitt system.) Fleirvalstestar blir utarbeida på litt ulik måte i dei ulike systema, slik at det då er spesielt viktig å avklare kven som skal utarbeide desse og korleis det skal gjerast slik at studentane får same eksamen uavhengig av eksamenssystem.
- Det må kome tydeleg fram i informasjonen som blir gitt før eksamen og på framsida til eksamensoppgåva at det ikkje er tillate å samarbeide under eksamen. T.d. noko slikt: Samarbeid og kommunikasjon med andre personar er ikkje tillate.
- Forkurssekretariatet bør ha retningslinjer og ein kontaktperson som er kjent for alle i tilfelle det oppstår mistanke om fusk. Slik kan alle institusjonar samsnakke og handsame desse sakene mest mogeleg likt.

Administrativ gruppe v/ Gunhild Raunsgard